

4.2.2 GVEG6 er offentleg og køyrande frå VEG6 til P6.

4.2.3 GVEG7 er offentleg og er gangveg frå VEG 8 til P6.

4.2.4 GVEG8 er privat for FTF4 og vert regulert til gangbreidde 1,8 m og stigning maks. 1:10 for å sikre universell utforming fram til overnattingsstaden.

4.2.5 GVEG9 er privat for FTF2 og vert regulert til gangbreidde 1,2 m. Opparbeiding skal gjerast skånsamt i høve landskapet i strandsona.

§ 4.3 Anna vegareal – grøntareal

4.4.1 Anna vegareal, AV1-AV6 er skjering og fylling langs offentlege kjøreveg. Fyllinga skal dekkast med jord og tilplantast.

§ 4.4 Parkeringsplass

4.4.1 Parkeringsplassen, P1, P3-P6 og P8 er offentleg og er parkeringsplass for friluftsområda FO1-FO3. FTF2 – FTF5 har parkeringsplass P3.

4.4.2 Parkeringsplass P2 er privat og er parkeringsplass for F1, F2, U/N/B1 og U/N/B2. P2 skal tilretteleggast av desse.

4.4.3 Parkeringsplass P7 er privat og er parkeringsplass for FTF1 og bustadhuset på gnr.141/7. P7 skal tilretteleggast av desse.

4.4.4 Parkeringsplass P6 er avsett for bruk av funksjonshemma.

4.4.5 Parkeringsplass P4 og P5 skal tilretteleggast som grøne parkeringsplassar. Dekket skal såast til.
P4 og P5 skal gjerdast inn for å gje ei klar avgrensing mot snuhammar og landbruksareal.

§ 5 Grønnstruktur (PBL-08 §12-5, ledd nr 3)

§ 5.1 Friområde

5.1.1 Ved tilrettelegging av friområda FO1 og FO2 skal det takast omsyn til bruken i dag. Mest mogleg av opphavleg vegetasjon og terreng skal takast vare på. Innanfor FO1 kan det etablerast tiltak som er direkte knytt til bade- og fritidsaktivitetar.

5.1.2.1 Det skal i FO1 tilretteleggast for grillplass med stasjonære grillar. Av omsyn til asmatikarar og allergikarar bør det ikkje tilretteleggast for eingangsgrillar.

§ 6 Landbruks-, natur og friluftsområde (PBL-08 §12-5, ledd nr 5)

§ 6.1 Landbruksføre mål

6.1.1 Føremåla L1-L15 skal nyttast til landbruksføre mål.

6.1.2 Avsett prinsipprásé for sti kan nyttast av ålmenta som tilkomst til FO1-FO4.

§ 6.2 Friluftsføre mål

6.2.1 Friluftsføre mål er områda langs elv og strand for bevaring av kulturminne og grønnstruktur langs denne. Innanfor friluftsområda FR1 – FR10 skal ålmenta ha tilgjenge.

§ 7 Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL-08 12-5 ledd nr 6)

§ 7.1 Ferdsl

7.1.1 Ferdsl gjev tilkomst for båt til SBH1 og SBH2 samt naustområda U/N/B1-U/N/B6.

§ 7.2 Småbåthamn

7.2.1 Småbåthamn SBH1 er knytt til turist- og friluftsføre mål FTF2-FTF5. Det kan tilrette-